

# Historia om to ultimatum

**SOGNDAL: Det første gjorde han uaktuell. Det andre sikra han jobben.**

HALVOR FARSUND STORVIK  
halvor@sognavis.no

ARVE UGLUM  
arve.uglum@sognavis.no

For oss som har stått på utsida, har det vore eit mysterium. Korleis enda Tor-Einar Skinlo opp med å få jobben som kommunedirektør i Sogndal? Kva var det eigentleg som skjedde?

Korleis kunne politikarane vraka kandidaten tilsettingsutvalet hadde valt, etter ein prosess alle var samde om var feilfri?

Korleis kunne ordføraren gå imot si eiga innstilling, ei innstilling han sjølv hadde skrive kvelden før?

Kva skjedde dei to timane bak lukka dører? Kva snakka dei om? Kva krangla dei om? Korleis vart dei einige?

Korleis kunne ei enkel tilsettingssak enda i politisk uføre, ikkje berre ein gong, men to?

Her kjem historia om ei tilsetting dei færraste har skjønnt noko av. Fram til no.

Historia er basert på samtalar med ei rekkje sentrale figurar i prosessen. Dei fleste av samtalanane har vore fortrulege, men ikkje alle. Målet har ikkje vore å avsløra hemelege detaljar, men å forstå det store biletet.

Det vil du òg gjera, om du les vidare. Som alle gode teater, startar me med persongalleriet.

Fortellinga tek me kronologisk, og me startar eit halvt år etter at Ellen Marie Njøs Lillesvangstu sa opp jobben.

**19. august 2021**

Gruppeleiarane for alle dei uli-

## GRUPPELEIARANE I SOGNDAL:

- **Framstegspartiet:** Rita Navarsete
- **Høgre:** Arne Glenn Flåten
- **Venstre:** Trude Risnes
- **Miljøpartiet Dei Grøne:** Ståle Loftesnes
- **Kristeleg Folkeparti:** Frode Bøthun
- **Arbeidspartiet:** Henny-Kristin Asperanden Navarsete
- **Senterpartiet:** Karen Marie Hjeltnes
- **Sosialistisk Venstreparti:** Vibeke Johnsen
- **Tilsetjingsutvalet:** Arnstein Menes, ordførar og leiar Vibeke Johnsen, varaordførar Frode Bøthun, medlem formannskap Siv Laila Eriksen, tillitsvald Steinar Øydvin, tillitsvald Rekrutteringsfirmaet Visindi



**STØTTA SKINLO:** I Sogn Avis slo fleire mellomleiarar ring om sjefen sin. På biletet: Åsmund Veigel Gaukstad, Frode Rønning, Bente Mossinge Ask og Helle Selseng. (FOTO: ARVE UGLUM/ARKIV)

ke politiske partia i Sogndal er samla til dialogmøte. Dei blir samde om korleis prosessen rundt tilsettinga av ny kommunedirektør skal vera. Sist gong gjekk det skeis.

Dei folkevalde er kloke av skade, og bestemmer seg for at alle partia skal få vera tett på prosessen. Gruppeleiarane skal vera med i drøftingane undervegs, både når det gjeld kravspesifikasjon, utlysingstekst, framdriftsplan og vurdering av kandidatar.

Tilsettingsutvalet vert det same som sist. Etter ei turbulent tid, verkar pulsen å ha senka seg i sogndalspolitikken.

### Tre kjende, tre ukjende

Me hoppar ein månad fram, til 17. september. Kommunestyret vel eit anna rekrutteringsbyrå enn sist. Diskusjonane skjer bak lukka dører. Visindi Bergen får oppdraget med å finna kandidatar, og leggja til rette for tilsettinga.

«Sogndal kommune søker ein samlande kommunedirektør», står det i stillingsannonse som vert lagt ut den 18. oktober.

Det er seks søkjarar når fristen går ut den 1. november, blant dei konstituert kommunedirektør Tor-Einar Skinlo.

Dei to andre me får vita namna til, er Ørjan Haram (52) frå Molde og Stein Slyngstad (60)

frå Skui. To søkjarar kjenner me berre som «Mann (57)» og «Mann (48)». Den sjette og siste kandidaten trekk seg, då vedkomande ikkje får innvilga ønsket om å vera anonym.

Ei veke seinare, den 8. november, er fire av fem kandidatar i Sogndal for å møta tilsettingsutvalet.

### Krav, eller ønskje?

Gruppeleiarane blir orienterte om framgangen eit par dagar etter, den 12. november. Særleg eitt tema skal stela mykje av merksemda, det såkalla prosesskravet.

Politikarane får vita at Skinlo ikkje vil svara rett fram på standardspørsmålet «tek du jobben om du får han?»

I staden ber Skinlo om å få eit møte med politikarane, der han vil ta opp tre ting. Han vil avklara samspelet mellom politikk og administrasjon, korleis han ser dei økonomiske utfordringane i Sogndal kommune og korleis han ønskjer at politikarane skal gå fram når dei har spørsmål til administrasjonen. Om han ikkje er nøgd med responsen, vil han trekka seg.

Skinlo avviser seinare og til Sogn Avis at han stilte eit slikt krav, men at det i staden var eit ønskje. At responsen frå politikarane var avgjerande, kategoriserer han som «direkte feil».

Ordføraren spør kva folk tenker om prosesskravet, og det blir ein frisk diskusjon. Enkelte karakteriserer det som eit utdigg ultimatum. Andre meiner det er heilt på sin plass. Konklusjonen vert likevel at politikarane ikkje kan imøtekoma kravet.

### Finalemøtet



**PÅ GANGEN:** Tor-Einar Skinlo ser på, medan Sp med ordførar Menes i front vender tilbake frå gruppemøte.

FOTO: ARVE UGLUM/ARKIV

Tida er òg ein faktor. Skal Skinlo ha eit slikt møte, må alle kandidatane få tilbod om det. Fleirtalet landar på at tida blir for knapp. Ordførar Arnstein Menes skal formidla avgjerda til Skinlo.

Det er no fire kandidatar att. Tor Einar Skinlo, Ørjan Haram, «Mann (57)» og «Mann (48)».

22. november er det fysisk finalemøte i Sogndal med tilsettingsutvalet, rekrutteringsfirmaet og dei fire kandidatane, som har fått i oppgåve å halda kvar sin presentasjon. Alle gjer eit godt inntrykk, er konklusjonen i slutt rapporten frå Visindi.

Men ifølgje den same rapporten, er Skinlo framleis i tvil om han vil ha stillinga. Han held fast på at han vil ha eit møte med politikarane. Ordføraren svarar at han ikkje vil bli møtt på dette. Dei tre andre stadfestar at dei tek imot stillinga om dei får tilbodet.

### Skinlo er ute

Dagen etter, den 23. november, blir gruppeleiarane orienterte om finalemøtet av ein rådgjevar frå rekrutteringsfirmaet. Det er no to kandidatar firmaet peikar ut, og Skinlo er ikkje blant dei. Prosesskravet vert trekt fram som ein av grunnane, men Skinlo kjem òg til kort på andre område, som leiarerfaring, kvalifikasjonar og personlege eigenskapar.

Enkelte politikarar har fortalt

at dei stussa på at rekrutteringsfirmaet brukte vel mykje tid på å snakka ned Skinlo, i staden for å løfta fram dei to andre kandidatane. «Det verka nesten som dei hadde fått Skinlo i vrangstrupen», fortel ei av kjeldene me har snakka med.

No går det slag i slag. 24. november sender Tor-Einar Skinlo ein e-post til rekrutteringsbyrået med kopi til ordførar. I den står det:

### «Hei Lena,

Takk for sist. Eg har tenkt ein del på tilbakemeldingane frå ordføraren i sist intervju. Om det har blitt oppfatta som eit forsøk på å stille urimelege krav i tilsettingsprosessen, beklagar eg dette. Eg har hatt eit ønskje om å møte samla politisk leiding i lys av førre tilsettingsprosess. Når dette ikkje er ønskeleg så er det sjølv sagt uproblematisk då det er politisk leiding som må eige prosessen.

Så spurte du meg om eg tok i mot stillinga om eg vert innstilt. Eg reknar med at vi då har avklara alle praktiske forhold. I ein slik situasjon vil eg sjølv sagt takke ja til stillinga.»

Ordførarane kallar straks gruppeleiarane inn til eit nytt møte.

Bakgrunnen for dette er at den eine kandidaten no har trekt sitt prosesskrav og oppgjev til Visindi at vedkomande vil takka ja til stillinga dersom



vedkomande vert innstilt. Me opplever at dette endrar premisset mange var opptekne av i sist møte, skriv han i e-posten.

### Sart konsensus

Møtet finn stad allereie neste dag, 25. november. Stemninga har no snudd hjå fleire gruppeleiarar. Dei ønskjer å ha med Skinlo vidare. Andre gir uttrykk for at det ikkje har endra standpunktet deira.

Me gjer eit byks til 6. desember. Det er no berre tre dagar til avgjerda skal takast. Rekrutteringsbyrået har laga ein slutt-rapport, og denne blir lagt fram i eit digitalt møte med gruppeleiarar, tilsettingsutval og rekrutteringsbyrå. Tilsettingsutvalet informerer om innstillinga, som er å gje jobben til Ørjan Haram.

«Alt var klart, og me var samde då me forlèt det møtet», seier ein av deltakarane. «Eg hadde slege meg til ro med at det vart Haram», seier ein annan.

Søklarane blir informerte om konklusjonen på ettermiddagen.

Same kveld blir Sogn Avis gjort kjent med innstillinga, og dagen etter står nyheita på trykk.

### Det bles opp

Offentleggjeringa utløyser ein telefonstorm i det politiske miljøet. Hit og dit, på tvers av partigrenser. Stormen går hardt ut-

over konsensusen dei tilsynelatande har landa på.

Det blir tydeleg for enkelte at eit fleirtal eigentleg ønskjer Tor-Einar Skinlo. Arne Glenn Flåten blir oppmoda om å fremja Skinlo som motkandidat. Fleire er samde om at nokon må gjera det. Flåten er den som vågar.

Arbeidsgjevarutvalet har møte. Ordføraren er ikkje på jobb denne tysdagen, så varaordførar Vibeke Johnsen lagar innkallinga til formannskapet.

Innkallinga er knapp, men ikkje mindre oppsiktsvekkjande.

Den første av to orienteringsaker overraskar ingen, «tilsetting av ny kommunedirektør». Den andre overskrifta derimot, får nokon og ein kvar til å stussa: «konstituering av ny kommunedirektør». Kva skal det bety?

Konsensusen skal snart bli rokka av enno ei uventa vending.

### Motkandidaten

I Sogn Avis neste dag, den 8. desember, står sju mellomleiarar i Sogndal kommune fram med støtte til Skinlo. Dei er skeptiske til eit nytt toppleiarbyte, det femte på tre år. Skinlo blir rosa for jobben han har gjort, og lagkjensla han har skapt.

Denne morgonen ringjer ordføraren til den innstilte kandi-

daten, Ørjan Haram, og fortel at det svirrar rykte om ein motkandidat.

- Eg og varaordføraren meinte det var ryddig overfor søkjararen, at han var klar over at det kunne skje, seier Menes til Sogn Avis.

Formannskapet har møte seinare same dag.

Før det startar, tek ordførar Arnstein Menes kontakt med Sogn Avis sin utsende, og fortel kva som skal skje i møtet og at orienteringa vil gå for lukka dører. Journalisten pakkar sakene og går.

Ordføraren startar med å trekka den andre orienteringsaka. Representanten frå Ap spør kvifor, og får til svar at det kjem an på utfallet av den andre saka. Med andre ord, Skinlo vil trekka seg som konstituert, om han ikkje får jobben. At dette var oppfatninga, er seinare stadfesta av fleire som var til stades.

### Innstillinga

I møtet spør rekrutteringsbyrået om det stemmer at ordføraren har vore i kontakt med Haram, og opplyst at det vil koma ein motkandidat. Menes svarar at dei er der for å fortelja om rapporten, og ikkje noko anna.

Arbeidarpartiet sin representant ber om at dette blir protokollført. Det oppstår ein diskusjon mellom ordføraren og Henny-Kristin Asperanden Na-

varsete som blir skildra som meir oppheta enn det som er vanleg i kommunestyret i Sogndal.

Etter møtet blir Haram igjen ringt opp av ordføraren. Han får vita at Menes legg siste hand på saksframlegget, og at innstillinga står ved lag.

- Han las den opp til meg. Eg takka for tilliten. Så fortalde han meg at det mest sannsynleg kom til å bli fremja ein motkandidat, seier Haram til Sogn Avis to dagar etter.

- Sa han at han sjølv kom til å støtta motkandidaten?

- Nei, det sa han ingenting om.

### Bomba går av

Dagen før dagen, klokka 18.54, blir innstillinga sendt til medlemmane i kommunestyret. I framlegget står det at «tilsettingsutvalet vurderer fleire kandidatar som kvalifiserte».

Den 9. desember skal det avgjerast. Kommunestyret er samansett av 37 representantar, og dei færreste er budde på kva som er i vente. Dei skjønar nok at noko er på gang, men ikkje heilt kva.

Turen kjem til sak 111, og Arne Glenn Flåten er den første på talarstolen.

- Eg er slik samansett at eg er oppteken av kva som er rett å gjera, og ikkje kva som er vanleg, seier han, og fremjar motkandidaten Tor-Einar Skinlo.

Fleire av dei neste på talarstolen er tydeleg misnøgde. Gruppeleiar i Sp, Karen Marie Hjelmeseter, seier ho er vand med at slike innstillingar blir banka gjennom, utan diskusjonar.

- Det handlar om respekt for folk, seier ho, og ber om eit gruppemøte.

### Ordføraren snur

Møtet vert etter kvart lukka. Ap er misnøgde med avgjerda, og det oppstår ein diskusjon der fleire snakkar i munnen på kvarandre. Ordføraren brukar klubba for å skapa ro.

Han tek deretter ordet, og avslører at han vil støtta motkandidaten. Ifølgje fleire av dei som var til stades, var budskapen rimeleg klar.

Oppsummert:

«Viss ikkje Skinlo fekk jobben, kom han til å trekka seg, kommunalsjefar kom til å trekka seg, og kommunen kom om-trent ikkje til å bestå», fortel ei av kjeldene om inntrykket som vart skapt.

Prøveavrøystinga i det lukka møte syner 25-12 i favør Skinlo. Blant dei som stemde for Haram, finn me heile Ap-benken.

Etter to timar får presse og tilhøyrarar sleppa inn att.

Tor-Einar Skinlo vert tilsett. 36 stemmer for, Frp stemmer blankt.



Ordføraren om heilomvendinga:

# - Eg tenkte at det heilt sikkert ville koma ein del reaksjonar

**SOGNDAL:** Han sjokkerte dei fleste ved å stemma imot si eiga innstilling. Ei veke etter står han for valet, og fortel om vegen fram til den uventa vendinga.

HALVOR FARSUND STORVIK  
halvor.storvik@sognavis.no

Ordførar Arnstein Menes har ikkje vore på jobb sidan kommunestyremøtet 9. desember. Ei strevsam tilsetjing, kom på toppen av ein arbeidskvardag som allereie var meir hektisk enn vanleg på grunn av korona.

- Det har vore ein periode der eg er oppe klokka seks, og i seng rundt midnatt, seier Menes.

Splittinga i regionrådet rundt Esefjordbrui var òg opprivande. Til slutt kjende ordføraren at batteriet var tomt. «Av og til må du seia stopp sjølv, før det bikkar over kanten», sa han til Sogn Avis for ei veke sidan, rett før han forlèt møtet.

- Eg har vore gjennom ein lang periode tidlegare i livet, der eg var utbrent og vart sjukmeld eit halvt år. Det vil eg ikkje gjenta, utdjuar Menes.

## - Eg tenkte det kom reaksjonar

Som me no alle kjenner til, den siste gnisten som var att brukte han på å stemma imot si eiga tilråding. Saka tok tett på fire timar å handsama, over to av dei bak lukka dører.

På talarstolen grunn gav Menes valet med omsynet til kontinuitet og stabilitet i kommunen.

- Då du fristilte deg, korleis tenkte du det ville bli oppfatta utanfrå?

- Eg tenkte at det heilt sikkert ville koma ein del reaksjonar på det. Ikkje minst så tenkte eg på den søkjaren som var innstilt, at det sjølv sagt kunne bli oppfatta som spesielt. Eg hadde veldig tanke for det, seier Menes.

I ettertid står han likevel for valet han gjorde, og grunngevinga.

## Innstilt på å snu

At det kom ein motkandidat, som viste seg å ha stor oppslutning, og som samstundes var kandidaten han føretrekte, vart avgjerande for at han snudde. Viss ikkje hadde han gått for innstillinga.

- Det var fleire gode kandidatar som søkte jobben. Det er viktig for meg å få sagt. Det er ingenting negativt å seia om Haram. Han verka som ein god kandidat.

- Men då du skreiv innstillinga, så visste du at du ville gå for Skinlo?



**SLITEN:** Arnstein Menes (Sp) var tydeleg sliten etter at saka om tilsetjing av ny kommunedirektør var i boks.

FOTO: HALVOR FARSUND STORVIK/ARKIV

- Viss det kom ein motkandidat, ja.

- Så til dei som seier det har vore ein skinnprosess, kva er ditt svar til det?

- Det er heilt feil, seier Menes.

Proessen og diskusjonane som har vore undervegs, meiner han bør vera nok til å underbyggja påstanden.

## Forstod kravet

Som Sogn Avis har gjort greie for, var det såkalla prosesskravet frå Tor-Einar Skinlo eitt av punkta rekrutteringsbyrået og fleire i tilsettingsutvalet meinte tala mot hans kandidatur.

Skinlo sjølv meiner det var ytra som eit ønske, og ikkje eit ultimatum. Menes oppfatta det på same måte, men har samstundes omtala det som eit prosesskrav i ein e-post til gruppeleiarane.

Slik forklarar han korleis det heng saman:

- Ordet prosesskrav var slik det var skildra av Visindi, seier Menes, og følgjer opp med konklusjonen:

- Viss det hadde vore eit absolutt krav, så hadde Skinlo trekt seg, om han ikkje fekk det innvilga.

- Men han kunne ikkje lova at han tok stillinga, om han ikkje fekk møtet?

- Eg veit ikkje om eg vil stadfesta det på noko vis. Eg seier korleis eg oppfatta det, seier Menes.

- Kva tykte du sjølv om kra-



**AVGJORT:** 36 hender stemde for Skinlo, berre Rita Navarsete (Frp) stemte blankt.

vet eller ønsket?

- Eg hadde ei viss forståing for kvifor problemstillingane vart tekne opp, men så meinte eg ingenting utover det.

## Kryptisk innkalling

Han viser til varaordførar Vibeke Johnsen når me lurar på det kryptiske punktet i innkallinga til formannskapet. Det som heitte «konstituering av kommunedirektør». Punktet enkelt av politikanane i møtet tolka som at Skinlo ville slutta som konstituert, om han ikkje fekk jobben.

Sjølv var Menes sjuk den tirsdagen, og slappa av heime i Balestrand.

- Slik du oppfatta det, korleis ville Skinlo reagere om han ikkje fekk jobben? Kva ville konsekvensen bli?

- Eg opplevde det som usikkert, og sannsynleg at han ville sjå seg om etter andre oppgåver.

Det var altså varaordførar Johnsen som skreiv innkallinga, etter eit møte i arbeidsgjevarutvalet der ho sjølv, Frode Bøthun og Karen Marie Hjelmeseter var til stades.

## Ville vera på den sikre sida

Utvalet diskuterte kva dei skulle gjera om dei kom i ein situasjon der kommunen ikkje lenger hadde konstituert kommunedirektør. Dette stadfestar varaordføraren, men ho er vag om bakgrunnen, anna enn at det var stort arbeidstrykk, både politisk og administrativt, no og framover.

- Var de uroa for å mista Skinlo, om Haram vart tilsett?

- Me sette opp det punktet for sikkerheits skuld. Me ville forsikra oss. I ettertid er det ikkje sikkert at det var så klokt, seier Johnsen.

- Var det berre «føre-var», eller var det basert på eit konkret

signal frå Skinlo?

- Det vil eg ikkje svara på, seier Johnsen.

## Ser framover

Røyken har etter kvart lagt seg. Snart senkar julefreden seg, og me kan alle sjå fram mot eit nytt år.

Arnstein Menes ser i alle fall fram til å få lada batteria dei neste vekene.

Så lovar han å vera klar til innsats i 2022. Den politiske turbulensen har ikkje øydelagt for framtidsoptimismen.

- Eg meiner det eg har sagt heile vegen. Sogndal er ein fantastisk kommune, med gode utsikter til å utvikla seg vidare. Me har eit lag no administrativt som er velegna og klare til å gjera den jobben. Eg håpar alle politikanane òg er innstilte på å jobba i lag, for å gjera kommunen best mogleg, seier han.





Slik svarer Tor-Einar Skinlo:

# - Eg har ikkje stilt det ultimatumet, ikkje på nokon som helst slags måte



**AVMÅLT:** Skinlo har nettopp fått vita at han har fått jobben. Reaksjonen er beherska.

FOTO: HALVOR FARSUND

**SOGNDAL:** Eit såkalla prosesskrav heldt på å kosta han jobben. Sjølv har han ei heilt anna oppfatting av kva han har sagt.

HALVOR FARSUND STORVIK  
halvor.storvik@sognavis.no

Tor-Einar Skinlo er no kommunedirektør på ekte, og ikkje berre konstituert.

I motsetning til rekrutteringsbyrået og fleire i tilsettingsutvalet si oppfatting, svar han på at han aldri ytra noko anna enn eit ønske om å få møte politikarane, før han takka ja.

Bakgrunnen for ønsket seier han var tilbakemeldingar frå kommunedirektørar han hadde rådført seg med.

- To av dei hadde gjort det same ved tilsetjing, og hadde gode erfaringar med det, seier Skinlo.

## Ei mogleg mistyding

Han fortel at ønsket vart problematisert allereie i det første intervjuet med rekrutteringsbyrået. Dei oppfattar det som eit krav, og utfordrar Skinlo på om han forventar eit svar.

- Eg var oppteken av at alle politikarane skulle få høyra den same budskapet, men formidla at eg ikkje forventar svar frå politisk leiding. Eg vart spurt kva eg ville gjera om eg ikkje fekk eit slikt møte. Eg svara at «då vil eg ta det til etterretning», seier Skinlo.

- Det er kanskje mogleg å mistolka?

- Det vart seinare framstilt at eg hadde sett fram eit krav, og at eg ville trekka meg om det ikkje vart innfridd. Då presiser-



**- IKKJE ULTIMATUM:** Tor-Einar Skinlo avviser at han har stilt noko ultimatum i tilsettingsprosessen, òg kjent som det såkalla prosesskravet.

FOTO: ARVE UGLUM/ARKIV

te eg at det var eit ønske. «Å ta til etterretning», betyr i min kontekst at det er noko eg må innfinna meg med, ikkje at det vil påverka standpunktet mitt. Eg har ikkje stilt det ultimatumet, ikkje på nokon som helst slags måte.

## - Ingen kommentar

- Viss det ikkje var eit krav, kvi- for kunne du ikkje garantera at du ville ta jobben?

- Eg har sagt heile vegen, at eg ikkje hadde søkt stillinga om eg ikkje var motivert for å ta han. Samstundes, å gje eit blankosvar, at eg tek ei slik stilling uansett kva, det synst ikkje eg verkar klokt.

- Gav du på noko tidspunkt signal om at du kunne koma til å trekkja deg som konstituert, om du ikkje fekk jobben?

- Ingen kommentar.

- Om du ikkje hadde fått jobben, korleis ville du ha stilt deg til stillinga som konstituert, fram til den nye var på plass?

- Det har eg ingen kommentar til.

## Avviser innblanding

Dagen før tilsetjinga skulle avgjerast, stilte mellomleiarar i

kommunen opp i Sogn Avis med støtte til Skinlo. Då var det nettopp blitt kjent at Ørjan Haram var den innstilte kandidaten.

Då han hadde fått jobben, nekta Skinlo for å ha delteke i spelet som leia fram til at innstillinga rakna. Det sitatet står han for framleis.

- Mange vil kanskje spekulera i at det var du som trakk i trådane der. Kva seier du til det?

- Det kan eg avkrefta, eg hadde ingenting med det å gjera.

## Kunsten å insinuera

- Er det noko du angrar på i prosessen, noko du ser du kunne gjort annleis?

- Eg trur det kunne vore ein fordel at fleire hadde delteke i dei samtalane, eller intervju, som føregjekk med Visindi, seier Skinlo.

Han vil likevel ikkje seia rett ut at rekrutteringsbyrået har tolka han feil. Og dermed villeia politikarane om prosesskravet.

- Eg har ikkje vore til stades på møta dei har hatt med gruppeleiarane, så det kan eg ikkje meina noko om.



**GRATULERT:** Arne Abrahamsen var blant dei første til å gratulera Skinlo med tilsetjinga.

FOTO: HALVOR FARSUND STORVIK

## EIN PRAT MED LIKESINNA?

Sjølvhjelpsgruppene som utgjer Rusettervernet i Sogn og Fjordane er for deg som har tatt eit val, anten som rusmisbrukar eller pårørende. Vi treng deg og du treng oss.



Ta kontakt på 948 34 493 eller finn di gruppe på [www.rusettervernt.no](http://www.rusettervernt.no)

Vi er ikkje knytt til politisk parti, trusamfunn eller institusjon. Vi er knytt til felleskapet.